



Arkivsaknr: 2026/1993-1
Sakshandsamar: Anders Olav Dale
Avdeling: Idrett og friluftsliv

SAKSFRAMLEGG

Rehabilitering golvdekke - Lindåshallen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver kr 2 600 000 inkl. mva på investeringsbudsjettet for 2026 til utskifting av idrettsgolv i Lindåshallen fleirbruksdel, finansiert av auka låneopptak.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Dekket i Lindåshallen som er frå 2012 er prega av stor slitasje og stettar ikkje lenger krav til tryggleik for brukarane. Saksframlegget gjer greie for behovet for oppgradering, val av løysing og det økonomiske biletet. Målet er byte til eit funksjonelt og framtidsretta sportsgolv som legg til rette for både skule- og idrettsaktivitet.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Golv et eit parkettdekke, og har ei total flate på ca. 1 500 kvadratmeter. Hallen vert i dag nytta av bl.a. Lindås barneskule, Lindås ungdomsskule, UNG Alver og Lindås IL. Skulane driv lovpålagt undervisning i kroppsøving (ca. 20 timar i veka), og idrettslaget har i stor grad

aktivitet for born og ungdom (ca. 20 timar i veka), i tillegg til aktivitet for vaksne. I helgane vert hallen brukt til kampaktivitet i handball og anna arrangementsverksemd.

Brukarane har ei tid meldt frå om at underlaget er i dårleg stand på fleire deler av dekket. Dette er også registrert av kommunen bl.a. på vedlikehaldsrunde som vart gjort på bygget sommaren 2024. Ved to tilfelle i 2014 og 2015 var det større vasslekkasjar i hallen. Det er sannsynleg at desse hendingane har fått innverknad på tilstanden til dekket i dag. Allereie den gong vart det uttalt at ein var usikker på om skadane gjorde at dekket måtte skiftast ut.

Tilstanden let seg kjenne ved ujamnheiter i parketten. Enkelte stader har parketten begynt å sprekke opp og gå frå kvarandre. Noko som fører til fare for flis og liknande dersom ein glir bortover golvet, eller tråkkar ein slik stad utan sko. Det har også kome tilbakemeldingar frå dommarar i handballkampar om at underlaget er i faresona for og ikkje kunne brukast i kampsamanheng med omsyn til spelarane sin sikkerheit.

Det har blitt forsøkt med utbetringar både i fjor og i år for reduksjon av skadeomfanget. Det har likevel blitt registrert ei betydeleg forverring av tilstanden berre dei siste månadane, og det har no kome til eit punkt der det vert vurdert til at dekket trengs skiftast ut fordi skadane ikkje er reversible.

Sakshistorikk

Sidan opninga av hallen har vedlikehaldet av idrettsgolvet i hovudsak vore basert på reinhald fleire gongar i løpet av veka og ein har forsøkt å utbetra mindre skader punktvis for å forlengje levetida. Det vert brukt klister til handballaktivitet for ungdom og vaksne i hallen. Dette er ein føresetnad for idrettsleg deltaking og utvikling frå 15 års-alderen og oppover. Bruk av klister set ekstra krav til reinhaldsfrekvens, og vil også kunne påverke levetida til dekket pga. kjemisk og mekanisk slitasje.

Behov

Vurderingsgrunnlag

Opplæringslova seier at skulen har ansvar for at elevane har eit trygt og godt fysisk miljø. Lindåshallen er delfinansiert av spelemidlar. I følge bestemmelsane for denne ordninga pliktar anleggseigar å halde anlegget ope for ålmenn idrettsleg aktivitet i 30 år frå ferdigstilling av anlegget. For Lindåshallen sin del føl denne forpliktelsen fram til 2042. NS-EN 14904 er den europeiske standarden for sportsgolv. Denne set krav til mellom anna støytdemping, friksjon og brukarane sin tryggleik.

Partar

Lindås idrettslag og Alver idrettsråd har begge uttalt at dei er samde med valet om skifte av dekke, og typen dekke det vert foreslått å skifte til.

Vurdering

Kommunedirektøren har i hovudsak vurdert to alternativ.

- 1) Omfattande rehabilitering (sliping og relakkering) av eksisterande dekke.
- 2) Byte av dagens dekke til eit kombielastisk sportsgolv.

Alternativ 1 vil kunne betre overflate noko på kort sikt, men det vert vurdert til at ein del av skadane ikkje vil bli tilstrekkeleg utbetra med denne metoden. Det vert også vurdert til at dette alternativet vil krevje nye, og sannsynlegvis kostbare tiltak etter få år fordi denne forma for rehabilitering ikkje set golvet tilbake i ny stand.

Alternativ 2 vil gi eit dekke som er tilpassa dagens hyppige bruk både på dag, ettermiddag, kveld og helg. Eit slikt dekke er også mindre sårbart for reinhaldet som krevst ved bruk av klister enn eit parkettgolv. Eit slikt golv er i samsvar med krava i NS-EN 14904. Ein kan også lese i «*retteleiar idrettshallar*» frå Kulturdepartementet at kombielastiske golv er det føretrekte valet for handballaktivitet, og andre typiske hallidrettar som badminton, innebandy og volleyball. Denne golvtypen krev også mindre vedlikehald enn andre typar i følgje same retteleiar.

Kommunedirektøren har vurdert alternativ 2 til å vere det klart beste for brukarane. Denne vurderinga gjeld også når ein ser på investeringar som krevst dei neste åra om ein ser dei to alternativa opp mot ein annan, og levetidskostnader for dei to ulike løysingane.

Økonomiske konsekvensar

Uforpliktande pristilbod på kombielastisk golv med baneoppmerking og montering av golvbeslag er på kr 1 550 500 eks mva.

Dagens parkett må vekk då leverandør sannsynlegvis ikkje vil godkjenne det som underlag for nytt dekke gitt parkettens ujamnheiter og tilstand. Me har fått eit pristilbod på demontering, fjerning, bæring og bortkøyring til deponi på kr 394 000 eks mva.

I samråd med kommunens drifts- og eigedomseiningar har me vurdert dette til ein jobb me i stor grad kan utføre sjølv med eigne ressursar. Det vil likevel kome til nokre kostnader med dette arbeidet. Dette gjeld bl.a. fjerning og montering av lister, transportkostnader og avgift for deponering. Denne delen av arbeidet er kostnadsberekna til kr 185 000 eks mva.

Me vil også sjå på om det er enkelte oppgåver knytt til arbeidet som kan løysast i samarbeid med idretten.

Det er lagt inn 20% usikkerheit i den totale løyvingssummen.

Finansiering av rehabiliteringa er foreslått ved bruk av auka låneopptak. Rehabilitering av idrettsgolv som er eldre enn 10 år kan det søkast om spelemidlar til. 500 000 kroner er dagens sats for banestorleiken det her er snakk om.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren ser at dekket må skiftast med omsyn til kroppsøving og idrettsaktivitet, og tilrår difor å gå for alternativ 2 pga. fordelane med dette dekket kontra andre alternativ.

Denne vurderinga gjer seg også gjeldande sett opp mot forventa levetidskostnader. Kostnaden på kr 2 600 000 finansierast med låneopptak, og inkluderer moms og mellomfinansiering av spelemidlar. Spelemidlar, kr 500 000, vil bli søkt om første gong i 2027.